

Saksbehandlar: Lena Merete Söderholm, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/8143-8

## **Marint verdiskapingsfond 2019 - 2. utlysing**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Ved 2. utlysing 2019 i Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane var det tre av dei seks søknadane som kom ut med god vurdering i høve relevans og kvalitet. Hovudutval for næring og kultur innstiller på slik finansiering:

Prosjekt «Forbedret ernæring av torskeyngel» med FjordAlg AS som søkjar vert tildelt kr. 200 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Dette er same sum som omsøkt, og utgjer 50 % av kostnadene. Støtta vert gjeve som bagatellmessig støtte.

Prosjektet «Fullelektrifisering av havbruksnæringa» med Multivolt AS som søkjar får kr. 300 000 i støtte frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Dette er ein noko lågare sum enn omsøkt, då vi ser at oppdrettsnæringa bør inn med eigenkapital i dette prosjektet. Støtta utgjer 40 % av kostnadene. Støtta vert gjeve som bagatellmessig støtte.

Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane vil støtte forprosjektet til søknaden «Superlader for havbruksbåtar i Flora Havn» med Evoy AS som søkjer. Dei får tildelt kr. 250 000 til forprosjektet, noko som utgjer om lag 50 % av stipulerte kostnader til forprosjekt. Støtta vert gjeve som bagatellmessig støtte.

- 2 Fylkesrådmannen frå fullmakt til å følgje opp sakene.

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

- 1 Mal for evaluering av søknadar
- 2 Utfylte vurderingsskjema for dei registrerte søknadane
- 3 Vedtekter Marint verdiskapingsfond
- 4 Svar frå dei innstilte søkjarane om tidlegare mottak av bagatellmessig støtte

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Marint verdiskapingsfond opna for finansiering av utviklingsprosjekt med søknadsfrist 20. august 2019. Det kom inn seks søknadar innan tidsfristen. Desse er vurderte i høve innhald og kvalitet, og administrasjonen legg fram forslag til godkjenning av finansiering.

## **2. Bakgrunn for saka**

Ved 1. utlysing våren 2019 kom det inn tre søknader, to av desse fekk støtte. Det sto då att om lag 900 000 kr. på fondet og fylkeskommunen bestemte at ein ville gjennomføre ei ny utlysing hausten 2020.

### Historikk - tidlegare vedtak

Marint verdiskapingsfond vart oppretta i 2010 og er finansiert av midlar som vart overførte frå staten i samband med konsesjonstildelinga for nye løyve til akvakultur i 2009. Fondet var i utgangspunktet på 11 millionar kroner. Det har vore årlege tildelingar frå fondet.

### Tidlegare vedtak:

|      |             |
|------|-------------|
| 2012 | sak 17/2342 |
| 2013 | sak 17/39   |
| 2014 | sak 16/3595 |
| 2015 | sak 15/9424 |
| 2017 | sak 17/343  |
| 2018 | Sak 18/8074 |
| 2019 | sak 19/1464 |

### Kort om fondet

Marint verdiskapingsfond kan delfinansiere utviklingsprosjekt som bidreg til å legge til rette for ei meir berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i fylket. Sekundært kan fondet også vurdere tiltak som kan bidra til å auke den marine verdiskapinga.

Tilskot frå Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane skal som hovudregel utgjere maksimalt 50 prosent av det samla kapitalbehovet for prosjektet. Både eigeninnsats og kapital må synleggjerast som eigenfinansiering.

Søklarar kan vere kommunar, næringsorganisasjonar eller næringsaktørar. Forpliktande samarbeid med andre aktørar vil styrkje søknaden. Utviklingsprosjektet må ha ei forankring i problemstillingar som er relevante for akvakulturnæringa i fylket, og ha ei hovudtyngd på aktørar i Sogn og Fjordane

### Andre opplysningar

Alle søknadane er vurdert ved hjelp av vurderingsmal som søkjarane var kjende med gjennom utlysinga. Denne vurderer relevans av prosjektet i høve vilkåra for fondet og del som kjem ut med karakterskår for prosjektkvalitet. I tillegg vert det gjort vurderingar av totalinntrykket av søknaden.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### **Søknad 1: Havbruk synapsen – Hovudprosjekt**

**Søkker:** Aquahub AS

**Totalsum prosjekt:** 400 000

**Søknadssum:** 200 000 (50 % av total)

#### **Kort om søknaden:**

Søklar ynskjer å utvide dei allereie eksisterande havbruksgruppemøta i regi av Næringsrådet i Hyllestad. Dette starta opp hausten 2018 og har gjennomført fem møter til no. Ein vil no utvide med nabokommunane Solund, Høyanger, Fjaler og Askvoll. Intensjonen er å kople aktørar som kan dra nytte av kvarandre for å auke aktivitet og innovasjonsgrad hos bedriftene. Møteplassen administrerast av Aquahub AS.

Hovudmål: Etablere ein levande møteplass. Sikre tilstrekkeleg finansiering for gjennomføring gjennom kommunane sine næringsråd eller næringslivsorganisasjonar.

1. Delmål 1: Gjennomføre 4 møte i 2020 og 2021
2. Delmål 2: Sikre aktiv deltaking på møta, med eit snitt på 20 deltakarar pr. møte (90 % frå næringa)
3. Delmål 3: Sikre aktiv deltaking frå alle dei seks kommunane

4. Delmål 4: Identifisere felles utfordringar og moglegheiter hjå minst 4 av aktørane som skal generere aktivitet mellom havbruksgruppemøta.

### **Vurdering:**

Relevansen i høve utlysinga var ikkje heilt overtydande, men likevel nok til at søknaden vart vurdert kvalitetsmessig.

Gode nettverksarenaer kan vere viktige for å utvikle eit meir robust og innovativt næringsliv. Søkjar har her ikkje godgjort forankringa av nettverket hjå aktørar eller administrasjon i nabokommunane. Slik sett er vi usikre på forankringa av tiltaket. Det er berre Hyllestad Næringsråd som skal vere styringsgruppe og ingen andre kommunar er førespurt om finansiering. Søknaden framstår som noko umoden, og måla og delmåla for møteplassen er vage og uforpliktande. Samla poengsum for kvalitet er 30,5.

### **Søknad 2: Fullelektrifisering av havbruksnæringa- Forprosjekt**

**Søker:** MultiVolt AS

**Totalsum prosjekt:** 750 000

**Søknadssum:** 375 000 (50 % av total)

### **Kort om søknaden:**

Søkjar Multivolt er totalleverandør innan elektro og automasjon. Dei ynskjer å kartlegge kva miljø, klima- og økonomisk potensial det er i å etablere landstraum for dei havbrukslokalitetane i fylket som ikkje har dette allereie. Mange lokalitetar i dag vert drivne av dieselaggregat som kan vere overdimensjonerte i høve behovet og som går på tomgang store deler av døgnet. Store utslepp kan sparast ved å nytte fornybar energi.

Hovudmål:

Utforme ein samla rapport som viser miljø, klima- og økonomisk potensial, samt eventuelle utfordringar ved tilknytning til straumnett. I tillegg skal kvar oppdrettar få ein rapport som syner kva avgrensingar han har i energikjelde til line lokalitetar og også sjå på framtidens behov. Dei vil talfeste potensial og investeringskostnader ved tilknytning eller oppgradering av landstraumtilførsel.

1. Delmål 1: Kartlegge energikjelde og kapasitet til alle havbrukslokalitetane i Sogn og Fjordane
2. Delmål 2: Kartlegge dagens og framtidig energibehov
3. Delmål 3: Samanlikne kapasitet med behov frå kartlegginga i delmål 1 og 2
4. Delmål 4: Kartlegge moglegheit og kostnad for tilknytning til straumnett og vurdere dette opp mot dagens drift.
5. Delmål 5: Utarbeide ein samla rapport som omtalt i hovudmålet
6. Delmål 6: Utarbeide ein rapport til kvar oppdrettar som omtalt i hovudmålet

### **Vurdering:**

Prosjektet er vurdert som relevant i høve utlysinga. Prosjektet kan bidra til lågare lokal miljøpåverknad og betre driftsøkonomi for havbrukslokalitetane i fylket.

Kvalitetsmessig er det godt synleggjort kva som skal gjerast. Søknaden er den einaste som har synleggjort kritiske suksessfaktorar for gjennomføring. Svakheita i søknaden er knytt til kostnadsplan og finansiering. Det er opplyst at Aquahub vil vere prosjektleiar, men kostnadsplanen skil ikkje på kostnader til løn/prosjektleiing, til utgreiingsarbeid og til utarbeiding av rapportane. Vidare skal oppdrettsnæringa sjøve berre bidra med eigeninnsats (truleg med dei timane dei har møter med prosjektet). Dette er noko som næringa bør vere interessert i å få gjennomført, og vi ser det som rimeleg at dei også deltek med økonomisk bidrag. Skal prosjektet støttast, bør det vere eit krav at oppdrettsnæringa går inn med ein eigendel og at vår støtte vert tilsvarande redusert. Samla poengsum for kvalitet er 41.

### **Søknad 3:- Utvikling av kompetanse i resirkulerande akvakultursystem (RAS) - Hovudprosjekt**

**Søker:** Måløy vidaregåande skule

**Totalsum prosjekt:** 1 500 000

**Søknadssum:** 860 000 (57 % av total)

#### **Kort om søknaden:**

Oppdrettsnæringa har som mål å drive meir berekraftig produksjon av fisk. Landbaserte resirkuleringsanlegg (RAS) kan bidra til å redusere utslepp, rømming og smittepåverknad på vill fisk. For å møte næringa sine behov for kompetanse, vil Måløy vgs.:

1. Auke RAS-kompetansen hjå tilsette ved skulen
2. Gje elevar ved skulen opplæring i RAS-teknologi
3. Gje tilsette i oppdrettsnæringa opplæring i RAS-teknologi

Det er lista seks aktivitetar for å følgje opp desse delmåla:

1. Opplæring i RAS for tilsette
2. Praksis på RAS-anlegg for tilsette
3. Utvikling av opplæringsprogram for VG2 Akvakultur
4. Utvikling av opplæringsprogram for næringsaktørar
5. Innkjøp av utstyr til laboratorium
6. Adm. og marknadsføring

#### **Vurdering:**

Vi er noko usikre på om søknaden er relevant for denne utlysinga. Den høyrer heller heime under MAREKO (Marint rekrutterings- og verdiskapingsfond). Han er likevel vurdert.

Søknaden synast å vere lite gjennomarbeidd. T.d. nemner ein at fylkeskommunen allereie delfinansierer prosjektet «Kompetanseløft vidaregåande og fagskule på Vestlandet – Ny og miljøvenleg teknologi, akvakultur» som skal danne «grunnmuren» for det omsøkte prosjektet, men lite om synergi, samarbeid etc. Det er heller ingen avtaler med bedrifter som har RAS-anlegg om utplassering av lærarar. Vidare er det ikkje klargjort korleis opplæringa av elevane skal gå føre seg, når skulen ikkje har undervisningslokale eller lokalitetar for RAS-anlegg. Det er likevel inga tvil om at dette er eit tema som bør få plass i opplæringa av elevane, både det teoretiske og den praktiske biten av det. Viktigheita av eit «klasserom» (Akvakulturhall) ved skulen vert synleggjort. Samla poengsum for kvalitet er 26.

### **Søknad 4:- Støtte til hovudprosjekt - Havbruk**

**Søker:** Aksello

**Totalsum prosjekt:** 8 500 000

**Søknadssum:** 1 200 000 (14 % av total) (900 000 frå dette fondet, 300 000 frå fylkeskommunen (uspesifisert kjelde))

#### **Kort om søknaden:**

Sidan søknaden inneheld svært lite konkrete tiltak, er det vanskeleg å vurdere relevansen av søknaden i høve fondet sine vilkår.

Det vert søkt om midlar til å vidareføre pågåande forprosjekt over i ei hovudprosjektfase på tre år. Det langsiktige målet er å skape eit tyngdepunkt mellom Bergen og Ålesund for havbruk og danne synergjar mellom ulike næringsaktørar. Det er lagt ved ein plan for forprosjektet, men det er ikkje opplyst noko om resultat i forprosjektet så langt som ein har kome til no. Forprosjektet er nyleg starta og planlagt avslutta desember 2019. Innhaldet i hovudprosjektet er ikkje fastsett, men skal greiast ut i pågåande forprosjekt. I søknaden er det er lista opp ei rekke moglege aktivitetar.

#### **Vurdering:**

Som søkjar sjølv peikar på, er det lite gunstig å søkje finansiering til eit prosjekt der ein ennå ikkje har formulert innhaldet. Søknaden står difor fram som umoden og det er vanskeleg å ta stilling til innhaldet ved evaluering av kvalitet. Fylkeskommunen er i finansieringsplanen ført opp med kr. 900 000 frå fondet og kr. 300 000 frå uspesifisert kjelde. Det vurderast som lite relevant med to ulike kjelder for fylkeskommunal delfinansiering. Vi har likevel forsøkt å karaktersetje dei ulike vurderingspunkta og samla poengsum for kvalitet er 23,5.

## Søknad 5: Forbedret ernæring av torskeyngel– Hovudprosjekt

**Søkjer:** FjordAlg AS

**Totalsum prosjekt:** 410 000

**Søknadssum:** 200 000 (49 % av total)

### Kort om søknaden:

Tre bedrifter, der to er heimehøyrande i fylket, skal saman gjere forsøk med mikroalgar som fóringrediens til levande startfór til torskeyngel. Prosjektet skal undersøke om introduksjon av ei fornybar fórkjelde til torskeyngelen vil føre til færre synlege deformitetar. Torskelarvar er avhengig av levande for i ein vekstfase. Tradisjonelt nyttar ein *Artemia* og hjuldyr, men forsøk har vist at hoppekreps kan gje betre resultat. Alle desse er avhengig av å få tilført pigment gjennom foret. Hovudmålet er å tilsette sterke fargepigmenterte algar til levande fó for torskeyngel, å slik forbetre fóropptak og kvaliteten på yngelen samt å forbetre produksjonen av levande fó. Tre delmål skal svare på følgjande spørsmål:

Del 1: kan naturleg pigment frå starten av torsken sitt liv redusere deformitetar hjå yngelen?

Del 2: Korleis kan ein prosessere pigmenterte (med astaxanthin) mikroalgar for å sikre godt opptak av dette i levande hjuldyr?

Del 3: Kan grad av opptak av astaxanthinhaldige mikroalgar i unge livsstadier av hoppekreps bli påverka gjennom storleik og prosessering av mikroalgar? Kan egg-produksjon i vaksne hoppekreps forbetrast gjennom å tilføre naturleg astaxanthin frå mikroalgar?

### Vurdering:

Søknaden er relevant i høve utlysinga.

Det er ein velskriven søknad, og med relevante partnarar involvert. FjordAlg er eit grunderselskap i Bremanger som produserer mikroalgar, CFEED AS i Trondheim er spesialisert på produksjon av hoppekreps som levande for til ulike fiskelarvar og havlandet Marin Yngel i Florø produserer torske. I denne omgang er det avgrensa til undersøking av ytre deformitetar på yngelen, men dette er eit viktig steg på vegen vidare for å produsere helsemessig betre torskeyngel. Det er eit relativt kort hovudprosjekt (1,5 år) som kan gje svar på nokre grunnleggjande problemstillingar som det må arbeidast vidare med. Søknaden skårar jamt høgt på alle målepunkta i evalueringsplanen med unntak av kritiske suksessfaktorar. Samla poengsum for kvalitet er 45.

## Søknad 6: Superlader for havbruksbåtar i Flora Havn – Forprosjekt og hovudprosjekt

**Søkjer:** Evoy AS

**Totalsum prosjekt forprosjekt og hovudprosjekt:** 2 783 100, der ca. 500 000 gjeld forprosjekt.

**Søknadssum:** 900 000 totalt (32 % av total)

### Kort om søknaden:

Det vert søkt om finansiering til både forprosjekt og hovudprosjekt. Eit konsortium med sju partnarar (BKK AS, Flora Hamn KF, Marø Havbruk, E. Karstensen Fiskeoppdrett AS, Høgskulen på Vestlandet, SFE AS, Evoy AS) vil gå saman om å bygge verdas første superlader for havbruksfartøy i Flora Havn. Båtar bidreg til utslepp av klimagass, og havbruksnæringa nyttar fartøy til mange operasjonar. Elektrisifisering av båtar vil redusere utslepp, men lang ladetid gjer at bruken av desse er ineffektiv. Ein superlader vil bidra til at oppdrettarar i regionen kan nytte utsleppsfrie løysingar. Målet med forprosjektet er å validere og sannsynleggjere hovudprosjektet. Dei skal m.a. vurdere teknologi, eigarskap og drift, tid og kostnadskalkylar og ringverknader for auka lokal verdiskaping. Hovudprosjektet er bygging av superlader for bruk på havbruksnæringa sine båtar ved offentleg kai i Florø. Hovudprosjektet vil gå over om lag fire månader.

### Vurdering:

Søknaden er relevant i høve utlysinga.

Ved gjennomføring av eit forprosjekt skal det alltid vere høve til å avslutte før ein startar opp eit hovudprosjekt. Det er difor uvanleg og lite hensiktsmessig å søkje om finansiering til hovudprosjekt før forprosjekt er gjennomført. Vi vel difor å berre vurdere forprosjektet i denne omgang. I kostnadsplanen er det stort sett skilt på kostnader knytt til forprosjektet, og vi har gått ut frå dette når kostnader er vurderte. Frå oppsettet er utgiftene til forprosjekt estimert til kr. 500 000.

Tematikken i hovudprosjektet er spanande og søknaden stø opp om Evoy AS sin aktivitet for å utvikle elektriske fartøy for m.a. oppdrettsnæringa. Hurtiglading er ein kritisk suksessfaktor for å gå

over til fornybare energibedararar. Søknaden (lesen utifrå forprosjektaktivitet) skårar jamt godt på alle målpunkta i evalueringsplanen, men manglar vurdering av kritiske suksessfaktorar. Samla poengsum for kvalitet er 39,5.

## Vurdering og rangering av søknadane

Dette gjev følgjande rangering av søknadane basert på poengsum:

| Tittel  | Søkjjar      | Sum  | Poeng |
|---|--------------|------|-------|
| Forbedret ernæring av torskeyngel- Hovudprosjekt        | FjordAlg AS  | 200' | 45    |
| Fullelektrifisering av havbruksnæringa- Forprosjekt     | Multivolt AS | 375' | 41    |
| Superlader for havbruksbåtar i Flora Havn - Forprosjekt | Evoy AS      | 250' | 39,5  |
| Havbruk synapsen - Hovudprosjekt                        | Aquahub AS   | 200' | 30,5  |
| Utvikling av kompetanse i RAS - Hovudprosjekt           | Måløy vgs.   | 860' | 26    |
| Støtte til hovudprosjekt - Havbruk                      | Aksello      | 900' | 23,5  |

Det er også vurdert om andre faktorar enn poengskala bør vurderast i tillegg til poengsettinga og vurdering av relevans for utlysinga, men finn at dette ikkje vil endre rangeringa. På grunnlag av dette, vil fylkeskommunen foreslå å tilby økonomisk støtte til følgjande prosjekt:

|   |              |                |
|---|--------------|----------------|
| Forbedret ernæring av torskeyngel- Hovudprosjekt          | FjordAlg AS  | 200 000        |
| Fullelektrifisering av havbruksnæringa- Forprosjekt       | Multivolt AS | 375 000        |
| Superlader for havbruksbåtar i Flora Havn - Forprosjekt   | Evoy AS      | 250 000        |
| <b>Totalsum finansiering frå Marint Verdiskapingsfond</b> |              | <b>825 000</b> |

### Vurdering av bagatellmessig støtte

I henhold til EØS-regelverket om offentlig støtte er dei prioriterte søkjarane bedne om å gje opplysningar om eventuelle bagatellmessig støtte dei har motteke dei siste tre åra. Vi har motteke slike opplysningar og det er ingen selskap som har motteke støtte i ein storleik som gjer at dei vil kome i nærleiken av grensa på meir enn 200 000 Euro over ein periode på tre rekneskapsår. Det rettslege grunnlaget for å tildele bagatellmessig støtte er difor til stade.

## 4. Konklusjon

Dei seks søknadane er vurderte i høve relevans for utlysinga, for prosjektkvalitet, samt om det er andre vurderingar som bør ligge til rette for vurdering av søknaden. Det var tre søknadar som skil seg positivt ut, og det vert gjort framlegg om at desse får finansiering gjennom fondet. Det er sjekka ut at det ikkje strir mot EØS-regelverket å gje desse selskapa bagatellmessig støtte.